



Familie-, barnehage- og likestillingsavd.  
Att. Anne Cathrine Dietz  
Postboks 8036 dep.  
0030 Oslo

330,00


20040469  
-169


## HØYRINGSUTTALE VEDK. NY BARNEHAGELOV

Oppvekst og kulturutvalet i Tysvær behandla høyringsuttale til ny barnehagelov 06.01.05.  
Utvalet vedtok samrøystes fylgjande uttale:

- 1) Det er positivt at § 2 om barnehagens innhald er foreslått utvida då den mellom anna er meir tydeleg på barn sine rettar.
- 2) Det er positivt at § 3 set søkjelyset på barna sin rett til medverknad.
- 3) § 9 vedk. fylkesmannen sitt ansvar i forhold til tilsyn av barnehagane vil det synleggjere kommunen sitt ansvar som tilsynsmynde, det vil opna for lokal organisering av det totale barnehagetilbodet i kommunen.
- 4) § 10 om godkjenning av barnehagar vil styrka kommunen sin rett til å vurdere barnehagen si evne til å innordne seg i forhold til formål og innhald. Dette vil vere med å sikra kvaliteten på barnehagetilbodet i kommunen uavhengig av eigarforhold. Kommunen må ha moglegheit til å foreta skjønsmessige vurderingar i forhold til kriteria for godkjenning.
- 5) § 18 For å sikra vidareføring av kvalitetsarbeid Den gode barnehage, må styrar som ein hovudregel ha utdanning som førskulelærer. Det må opnast for unntak.
- 6) § 19 Kvar barnegruppe må leiast av ein pedagogisk leiar med førskuleutdanning. Dette mellom anna for å sikra eit kvalitativt godt barnehagetilbod, og for å sikra at barn sin rett til medverknad kan gjennomførast.  
Talet på barn i barnegruppa må vere i forhold til tale på tilsette. Norma med 7-9 barn under 3 år og 14-18 barn over 3 år må difor vidareførast.

Med helsing

  
Arne Jensen  
rådmann

  
Anne Lise Myrvoll  
barnehagesjef